



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Årsmøte 2019

Sæbyggjen, torsdag 14. mars 2019 klokka 18:00

Sakliste

1. Godkjenne møtelyden med stemmerett
2. Godkjenne innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar, referent, og 2 medlemmer til å underskrive protokollen
4. Årsmelding og årsrekneskap 2018
5. Fastsette medlemskontingent for 2020
6. Budsjett 2019
7. Utnemning av æresmedlemmer
8. Val

Vel møtt

Styret



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Sak 4 – Årsmelding og årsrekneskap 2018

Styret i Valle IL fremjar framlegg om at årsmøtet godkjenner årsmelding og årsrekneskap 2018, jf. vedlegg.

Valle 4. mars 2019

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2018

Styret i Valle IL legg med dette fram årsmelding for aktivitetsåret 2018.

Styret og undergrupper

Styret har i 2018 hatt fylgjande samansetning:

Anne Liv Lidtveit	leiar
Cecilie Breive Haugen	nestleiar
Gunnar Brottveit	kasserar
Kristine Kleiveland	skrivar
Bjørgulv Sverdrup Lund	styremedlem
Anne Madeleine Axelssen	styremedlem
Hege Langeid Kjær	styremedlem
Olav Åkre Lund	1. vara
Tarald Myrum	2. vara
Vilde K. Homme	ungdomsrepresentant

Revisorar for rekneskapsåret 2018 har vore fylgjande personar:

Toril Dale
Hallvard Holum

Valnemnda har for 2018 og fram til årsmøtet 2019 bestått av fylgjande medlemmer:

Erling Sagneskar
Ewald Assmann
Marit Løyland

I løpet av 2018 har styret hatt 6 møter. Totalt er det behandla 36 saker.

I 2018 har styret hatt normal drift, utan større prosjekt eller arrangement. Ein har i løpet av året laga fleire retningslinjer for idrettslaget, mellom anna utgiftsdekning ved deltaking på arrangement for medlemmene. Dette er eit viktig arbeid, slik at drifta av idrettslaget blir letterare og meir oversiktleg både for styret og ikkje minst for undergruppene og medlemmene.

Også i 2018 gjennomførte vi trenarmøte før sommaren. Dette var andre året vi hadde slik trenarmøte, og ein opplever dette som eit viktig bindeledd mellom styret og trenarane. Trenarane får litt informasjon om kva som skjer framover, ein fekk diskutert nokre utfordringar som vi ser, og alle trenarane fekk utdelt gavekortet som takk for innsatsen.

I januar 2018 arrangerte vi kurs i aktivitetsleiar barneidrett i samarbeid med Bykle IL og Bygland IL. Hege Langeid, Jannicke Ruud, Sigbjørg Næss, Gro Åmlid, Kristine Kleiveland og Anne Liv Lidtveit møtte frå Valle IL.

I løpet av hausten 2018 har ein igjen vore på sponsorjakt, då eksisterande sponsoravtalar gjekk ut ved årsskiftet. Det er ei positiv oppleving å jobbe med sponsorarbeid i Valle IL, då idrettslaget blir oppfatta som viktig og positivt å vere sponsor til. Berre ein av dei tidlegare sponsorane sa nei, men vi har fått heile fire nye.

Valle IL er i løpet av 2018 blitt ein såkalla Se og bli sett-klubb. Dette inneber at vi har sett fokus på alkoholvett i klubben, for å vise utøvarar, foreldre, sponsorar og andre at vi er eit trygt idrettslag for alle barn og unge.

Valle idrottslag har ca. 500 medlemar registrerte.

Økonomi

Valle IL blir driven godt og har ein brukbar økonomi.

Omsetninga i 2018 er på kr 659 000, medan eigenkapitalen er på ca. 1 million. Det er og sett av på fond kr 350 000 til bygging av nytt klubbhus.

Dei største utgiftene som Valle IL har er med fotball og ski. Dei største inntektene får vi med sponsorinntekter på kr 140 000,-, grasrotandel på kr 98 000,- og ikkje minst medlemskontingent og treningsavgift i Møykjeromet på kr 207 700,-.

Dette året har vi kjøpt inn nye spinningsyklar til kr 150.000,-, og Møykjeromet må etter kvart opprustast.

Valle IL har i året 2018 hatt ein god aktivitet i dei ulike gruppene, men har likevel fått eit brukbart økonomiske resultat.

Gunnar Brottveit
Kasserar

Klubbhus

Årsmøtet 2016 vedtok at Valle IL skal bygge klubbhus på Valle stadion for eiga rekning. Spelemiddelsøknaden blei sendt inn hausten 2016 og fornya hausten 2017, men vi har så langt ikkje fått tildelt pengar. Søknaden er derimot godkjent.

Arbeidet med klubbhuset visar seg å vere vanskeleg å drive fram. Ein har søkt etter prosjektleiar via facebookside til idrettslaget, men ingen har meldt seg. Mange ønskjer klubbhus, men ein saknar engasjement til å faktisk få det bygd. Det er truleg mange som vil kome til å stille på dugnad når den tid kjem, men ein treng også planlegging og arbeidsgruppe før og undervegs. Styret må i løpet av våren 2019 få på plass framdrift av byggeprosessen.

Aktivitet gjennom året

Valle IL har fleire undergrupper, der fotball er den største. I tillegg til fotball har ein aktive grupper innan ski, sykling, barneidrett. I tillegg til fastsette grupper, har ein fleire meir eller mindre personlege initiativ som resulterer i aktivitetar for store og små i bygdene våre.

For styret er aktivitet det aller viktigaste. Ein prøvar derfor å legge til rette for variert aktivitet frå barnehagealder til ungdomsskulen. Det er sjølvstøtt ei utfordring at vi ikkje er fleire enn vi er, og dette speglar seg også i tilgang på trenarar. Derfor er det særleg viktig at fleire foreldre engasjerer seg, både som trenarar, men også som lagleiarar o.l.

I løpet av 2018 har vi hatt faste treningar innan fotball, ski, barneidrett, barnetrim, innebandy, volleyball, damefotball, karetrim og dametrim, i tillegg til treningane i Møykjeromet.

Ein har høve til i større grad ha aktivitetar av meir ad hoc karakter, men det krev eit initiativ frå medlemmene.

Idrettslaget ønskjer å vere ein bidragsytar til ei aktiv fritid for både barn og vaksne i Valle.

Fotball

Me har ei aktiv fotballgruppe frå 1. – 10. klasse, og er såleis den største undergruppa i Valle IL. Fotballgruppa har i 2018 arrangert Valle sparebankcup i mai, Teknisk fotballskule i september og Setesdalsmeisterskapen i november, i samarbeid med Otra IL og Bygland IL. I tillegg har me hatt ei avslutning for sesongen 2017/2018 i oktober med fotballkamp mellom trenarar og spelarar med grilling etterpå.

Alle gruppene har 1-2 treningar i veka gjennom heile året. Me har hatt 3 lag i seriespel denne sesongen, jenter 11 år (2007), gutar 11 år (2007) og gutar 13 år (2005).

Valle IL har vore på fleire cupar gjennom året. Blant anna Sør cup i Kristiansand, Sandercup i Sandefjord, Europriscup og fleire lokale cupar rundt om i Agder. Dette er med på å få motiverande spelarar gjennom året.

Det er fleire spelarar på dei forskjellige laga som har utanlandsk opphav, og fotballen er med det ein viktig arena for integrering. I tillegg har ein også spelarar frå Bygland, Bykle og Evje på nokre av laga. Dette er svært positivt for å bli kjent på tvers av kommunegrensene.

Anne Grete Lio
Fotballgruppa

Skigruppa

Skigruppa har gjennom skisesongen 2017/2018 hatt treningar i lysløypa gjennom heile vinteren. Her har vi treningar for alle aldrar kvar onsdag. Trenarteamet har vore stabilt, Erling Sagneskar og Anne Liv Lidtveit har hatt dei eldste, og Gunvor Åkre og Solveig Kyrvestad har hatt skileik med dei yngste.

Skigruppa har arrangert to renn i Øvre Setesdal Cup. Det har vore få startande, så ein får prøve å reklamere betre for dette framover. I starten av mars arrangerte skigruppa Brokke Mini Tour, men grunna Norges Cup-renn for junior blei deltakartalet noko lågare enn tidlegare år. Vi hadde for fyrste gong duatlon på laurdag, og bakken opp på sundag.

Vi er heldige og har to aktive løparar på høgt nivå, Elin Uppstad og Aron Åkre Rysstad. Denne sesongen har dei gått siste ordinære året på Hovden Skigymnas. Det er moro å sjå det høge nivået dei held, og vi gleder oss til å fylgje utviklinga vidare. Aron toppa 2018 med å vinne VM-mønstringsrenn på Hovden i desember, og seinare kvalifisere seg til jr. VM! I tillegg til Aron og Elin har vi også nokre løparar i dei yngre klassane, og særleg Ingrid Mathilde Bjørgum Sagneskar har lagt ned ein god del treningstimar dei seinare åra. Då er det særleg gledeleg at framgongen kjem smått om senn også for ho!

Skigruppa er med på jolegranstenning i Valle sentrum og serverer gløgg og pepparkaker til alle.

Solveig Kyrvestad
Skigruppa

Barneidrett

I løpet av våren hadde barneidretten ski på planen, og ungane blei oppfordra til å vere med på skitrening i Brokke.

Hausten 2018 har det vore barneidrett ei gong i veka for 5 år og opp til 4. klasse. Det har vore ca 20-25 barn på treningane.

Også i 2018 har ein hatt barnetrim for dei minste barna i alder 0-6 år. Desse får vere saman med føresette i hallen ein time. Her er det fokus på leik og moro. Tilbodet har vore positivt. Ein har forsøkt å ha annan kvar veke i Valle og på Hylestad, i håp om å nå ut til fleire.

I tillegg til vanleg barneidrett og barnetrim har vi hatt to familiekveldar; ein akekveld på Harstad i februar i samarbeid med Bygdekvinnelaget, og ein lyktetur til Trollskogen på hausten. Dette er kveldar med svært godt oppmøte, og der barn og vaksne kosar seg i lag ute i naturen.

Sigbjørg Næss
Barneidrett

Hege Kjær Langeid
Barnetrim Valle

Karina Kåvenes
Barnetrim Hylestad

Samtrenting

Som i 2017, har vi hausten 2018 hatt samtrenting for aldersgruppa 5.-10. klasse. Etter at fotballsesongen var over til haustferien, starta vi opp med samtrenting.

På samtrenting samla ein alle i 5. -10. klasse til ei basisøkt, med fokus på styrke, koordinasjon, spenst og hurtighet, og kondisjon. I motsetnad til i fjor, var det ingen frå ungdomsstrinnet som møtte på treningane, utan at vi har noko god forklaring på det. Det har vore mellom 10 og 20 på kvar trening, så den er like fullt populær for dei på mellomtrinnet.

Anne Liv Lidtveit og Erling Sagneskar
Initiativtakarar og trenarar

Sesilåmi

Sesilåmi gjekk av stabelen 10. mars 2018. Lenge såg det ut til at veret skulle bli knallfint, men så skifta det til overskya og noko dårleg sikt på dei høgaste toppane.

Etter skikkeleg satsing for å få fleire påmeldingar, runda vi over 1000 påmeldte! Dette er vi kjempeglade for, og satsar vidare mot nye høgder i 2019. Og sjølv om påmeldingstala var gode, er det brukt mykje midlar på marknadsføring, og utbetalinga til klubbane blei derfor berre kr 30 000,-.

Medlemmene i Valle IL er lette å få til å stille på dugnad for Sesilåmi, det er ein stor gjeng i sving både før og på sjølve renndagen.

I løpet av hausten har vi fått på plass ein god hovudkomite, med Tarald Myrum som leiar.

Sigbjørg Næss
Assisterande rennleiar Sesilåmi

Møykjeromet

Vi ser gjennom heile året at det er stor aktivitet i Møykjeromet. I tillegg til frivekter, tredemøller og romaskiner har vi organiserte treningar med styrketrening og spinning.

Det blei kjøpt inn nye spinningssyklar i året som var. Fleire av dei som deltek aktivt på spinning ser vi og ute på landevegen, og oppigjennom Setesdal på Color Line Tour om sommaren.

Styrketreningsrommet har mesteparten av det utstyret ein treng, men ber noko preg av slitasje og dårleg vedlikehald. Møykjeromsgruppa vil difor arbeide mot ei stor oppgradering av inventar og utstyr i året som kjem. I dette arbeidet ønsker vi og eit treningsrom som skal femne om flest muleg, enten du er på rehabilitering, nybyrjar eller vil satse på idrett. Samstundes vil det vere naudsynt å få til ei haldbar løysing for vedlikehald.

Vi kjem sjølv sagt til å halde fram arbeidet med at alle må rydde etter seg, bruke innesko og håndkle for at trivsel og hygiene skal vere god i Møykjeromet.

Det er gledeleg at bruken er så stor!

Gudrun Sagneskar, Johnny Steig og Cecilie Haugen
Møykjeromsgruppa

Spinning og utesykling

Det var også i år godt oppmøte fra starten av året, noe som dabber naturlig av mot vår/påske.

I begynnelsen av februar fikk vi 15 nye spinning sykler. De ble raskt montert av Kent Lund, sammen med dugnadsgjeng fra spinning gruppa. Vi kastet 4 gamle/ødelagte sykler, gav bort noen og beholdt de beste. Nå har vi totalt 29 stk. (2 av dem står på Møykjeromet)

I 2018 begynte vi også med felles langspinning i vinterferien. Det ble godt oppmøte lørdag 17. februar, det kom også bla. noen fra hyttene i Brokke og var med.

Utesyklingen startet opp rett etter Påske dvs. 3. april. Vi fortsatte med 2 faste dagene + langturer i helg frem mot Color Line Setesdal Tour. Innespiningen fortsatte i tillegg frem til mai, da det var ønske om dette.

Det var en god gjeng SykkelSeteStøler som meldte seg på CLST rittet Kristiansand-Hovden. Hovedsakelig var det sykkelister fra Hovden, Bykle, Valle og Rysstad som hadde utetreninger sammen

med dette som felles mål. Det var også andre med på treningene og andre som startet i anna gruppe t.d Pedalpigane. SykkelSeteStøl ble en god gjeng på ca 15 stk. damer/menn på startstreken i Kristiansand den 2. juni med mål om å komme til Hovden på 7,5 time. Alle kom i mål og ca halvparten innafor 7,5 t! 😊

Spinningen startet som vanlig opp igjen etter høstferien. Dessverre hadde tordenværet hadde ødelagt musikkanlegget og nytt anlegg ble kjøpt inn.

Vi hadde også i 2018 felles langspinning helt på tampen av året, 3. juledag.

Sykkkelgruppa
Elin E. Viki

Turgruppa

Postkassetrimmen starta i juni, og heldt på fram til september. Ein la til rette for 19 varierte turar. Det var god deltaking på postkassetrimmen, og folk var ivrige etter å registrere poeng i appen Trimpoeng.

Turgruppa har i 2018 bestått av leiar Sigbjørg Næss, Magnhild Tveit, Gerd Astrid Åkre og Angerd Gjerden.

Sigbjørg Næss
Leiar turgruppa

Bispeveg marsjen

Bispeveg marsjen 2018 blei arrangert laurdag 11. august. Marsjen blei gått av nærmare 80 personar, noko som var ein liten oppgong frå 2017. Det er stort sett veret som avgjer deltakartalet, og i år var det ikkje så verst ver og sommaren hadde vore fantastisk.

Samarbeidet med Fyresdal IL var bra også i år. Ein har eit visst overskot, men ser at bruk av for mykje buss et av overskotet til idrettslaga. I tillegg til deltakartal, er minimal bruk av buss nøkkelen til eit visst overskot.

Anne Liv Lidtveit
Ansvarleg for Bispeveg marsjen

Sprekleiken 2018

Sprekleiken er fast innslag i Valle IL på hausten, og 2018 er ikkje noko unntak. Kjetil Rekdal, trenar i Start var trekkplaster og føredragshaldar.

Det var rekordmange lag påmeldt, men ein ser at det har lite for seg at ein melder seg på via e-post på førehand. Det enklaste er at alle melder seg på før start, i og med at så mange ventar til lenge etter fristen med å melde seg på likevel.

Sprekleiken var ein del av kulturveka, og vi fekk gjennom dette gode promoteringar av arrangementet.

Ekstra moro var det at NRK P1 i år intervjuar Anne Liv på direkte-sendt radio fredagen før Sprekleiken. Ho fekk fortalt om arrangementet til Rune Nilsson i radioprogrammet Kolafei med Rune Nilson, og ikkje minst – han hadde laga song til Sprekleiken som vi fekk til odel og eige!

Cecilie Haugen
Leiar arrangementskomiteen

Color Line Setesdal Tour

Color Line Setesdal Tour blei arrangert 2. juni, i rekordvarme og sol frå skyfri himmel frå hav til hei. Deltakartaler er synkande, og derfor blir også jobben med matstasjonen mindre – og gir mindre inntekter til idrettslaget. Det er likevel ein morosam dugnad for dei som er med, og kvart år er matstasjonen på Honnevje den beste!

Gunnar Brottveit
Ansvarleg for Honnevje matstasjon under Color Line Setesdal Tour

Aktivitet i gymsalen ved Hylestad skule

Kvar veke er det ulike aktivitetar for barn, ungdom og vaksne, i gymsalen ved Hylestad skule. Aktivitetane er ikkje minst sosiale, så vel som god trening. Det har vore eit bevisst val frå Valle IL si side å legge aktivitetar til Hylestad, i håp om å nå ut til fleire. Dette har vist seg svært positivt.

Volleyball har halde på i fleire år, men hadde våren 2018 ei noko dårlegare oppslutning. På hausten tok det seg opp att på ny, og er framleis ein slager. Her er det ein god miks av damer og menn i alle aldrar. Sommarstid er treningane ute på sandvolleyballbanene på Rysstad, når det er godt ver.

Nytt av året er Familievolleyball. Her møtast barn med foreldre til ei hyggeleg trening med leik og moro.

Også Tabata er nytt i år. Tabata kombinerer sirkeltrening med intervall og har vist seg å favne om både kara og kvende, både frå ungdomsskulen og foreldregenerasjonen.

Barnetrimmen har også hatt oppmøte i Hylestad i år. Det har vore positivt, særleg for foreldre og barn i Hylestad som då har kort veg til leik og boltring.

Dametrim held fram på sitt andre år. Dette er ei styrkeøkt, der målgruppa er dei noko eldre damene i bygda. Det har vore godt oppmøte på alle treningane.

Damefotballen i Hylestad har halde koken i mange år nå, og er eit viktig aktivitetstilbod for damene i bygda og har god oppslutning.

Karetrimmen

Kvar måndag er det ein stabil gjeng på 10-12 godt vaksne karar som møtes i hallen for litt trim. Torleif B. Harstad har leia karetrimmen i over 50 år!

Programmet er god gamaldags trening med tøy og bøy og kondisjonstrening. Siste delen er med spel av volleyball.

Oldboys Fotball

Sjølv om namnet skulle tilseie at her var det berre godt vaksne karar på fotballtrening, så er Oldboys i Valle for alle over 15 år. Dei har treningar på fredag kveld, for på den måten å gi eit tilbod til utflutte ungdommar som kjem heim til helga. Oppmøtet varierer mellom 8 og 20 personar, og det er alltid bra trøkk og god stemning. Fleire av dei aktive her har innvandrarbakgrunn, og verkar derfor positivt på integreringa.

Styret i Valle IL vil takke medlemmane i dei ulike gruppene, trenarane og tillitsmenn elles for framifrå arbeid i året som har gått. Vi vil også takke alle sponsorane, og særleg hovudsponsor Valle Sparebank for god stønad og godt samarbeid.

Vi vil takke anna næringsliv som syner stor velvilje med stønad og sponsoravtalar.

Valle 4. mars 2019



Anne Liv Lidtveit
styreleiar



Cecilie Brøve Haugen
nestleiar



Gunnar Brottveit
kasserar



Kristine Kleiveland
Skrivar



Bjørgulv Sverdrup Lund
Styremedlem



Hege Kjær Langeid
Styremedlem

for 
Anne Madeleine Axelssen
Styremedlem

Vilde K. Homme
ungdomsrepresentant

Årsresultat for Valle Idrottslag 2018

INNTEKTER


Sponsorinntekter	kr	140 000
Fotball	kr	42 443
Grasrotandel	kr	98 836
Sesilåmi	kr	30 000
Fotball Cup	kr	21 757
Bispeveg marsjen	kr	28 943
Lam midlar	kr	47 570
Offentlege tilskot	kr	24 825
Sprekleiken	kr	28 430
Color Line Setesdal	kr	20 948
Medlemskap VIL	kr	77 700
Treningsavgift, Møykjerom	kr	130 400
Renteinntekt	kr	15 145
Sum inntekter	kr	706 996

KOSTNADER

Diverse driftsutgifter	kr	185 061
VIL-dressar	kr	5 476
Honorar/kurs/køyre godtj./møte	kr	36 681
Kontor-og datakostnader	kr	10 255
Annonsekostnad	kr	9 578
Prosjektering	kr	24 312
Gåver	kr	23 000
Stønad	kr	25 000
Forsikringspremie	kr	9 578
Fotball Cup	kr	32 228
Fotball, utgifter	kr	150 176
Sprekleiken, utgifter	kr	47 405
Sum kostnader	kr	558 750

Årsresultat kr **148 246**

Valle, den 14. mars 2019



Gunnar Brottveit
kasserar



Toril Dale
revisir



Hallvard Holum
revisor

Balanse pr. 31.12.2018

Eigendelar

Kundefordringar	kr	9 601
Bankinnskot	kr	1 572 440
Sum Eigendelar	kr	1 582 041

Eigenkapital og gjeld

Annan eigenkapital	kr	1 033 796
Udisponera resultat		148 246
Sum eigenkapital	kr	1 182 042

Gjeld

Klubbhus	kr	400 000
Spinningsyklar	kr	0
Leverandørgjeld	kr	0
Sum gjeld	kr	400 000

Sum eigenkapital og gjeld	kr	1 582 042
----------------------------------	-----------	------------------

Årsresultatet er fordela slik:

<i>Møykjeromet, utstyr</i>	<i>kr</i>	148 246
<i>Overført til Annan eigenkapital</i>	<i>kr</i>	100 000
		48 246

REVISORMELDING FOR VALLE IDROTTSKLAG

Vi har revidert rekneskapen for året 2018

Dette er kontrollert:


Kontrollert automatisk overføring av medlemsmassen frå
Min Idrett til rekneskapen.

Kontrollert kundefordringer og saldo i rekneskapen pr. 31.12.2018

Kontrollert leverandørgjeld og saldo pr. 31.12.2018

Kontrollert og avstemt kontoane i Valle Sparebank.

**Vi har kontrollert og funne rekneskapen i orden-og kan tilrå
at rekneskapen vert godkjent.**



Toril Dale
revisor



Hallvard Holum
revisor



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Sak 5 – medlemskontingent 2020

Styret i Valle IL fremjar med dette framlegg om uendra satsar for medlemskontingenten og treningsavgifta i Møykjeromet for 2020. Satsane blir derfor som fylgjer:

Medlemskontingent	200,-
Møykjerom	1000,-
Møykjerom student	500,-

Krav om medlemskap og betalt medlemskontingent i tillegg til treningsavgift for bruk av Møykjeromet.

Valle 4. mars 2019

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Sak 6 – budsjett 2020

Styret i Valle IL fremjar med dette framlegg til budsjett 2020 som det kjem fram av vedlegget til saka.

Valle 4. mars 2019

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



BUDSJETT 2019

Inntekter	Sponsoravtaler	170 000
	Medlemskontingent	60 000
	Møykjeromet	150 000
	Grasrotandel	90 000
	Kulturmidlar	-
	LAM	40 000
	Spesielle offentlege tilskot (mva-kompensasjon)	20 000
	Fotballgruppa	60 000
	Sesilåmi	30 000
	Bispevegmarsjen	25 000
	Sprekleiken	25 000
	Color Line Setesdal Tour	20 000
	Brokke Mini Tour	-
	Renteinntekter	10 000
	Sum inntekter	700 000
Kostnader	Fotballgruppa	180 000
	Sesilåmi	5 000
	Bispevegmarsjen	20 000
	Sprekleiken	60 000
	Color Line Setesdal Tour	1 000
	Brokke Mini Tour	-
	Skigruppa	30 000
	Møykjerommet	50 000
	Friidrett og turgruppa	5 000
	Idrettshall	20 000
	Køyregodtgjering	5 000
	Reiseutgifter	5 000
	Møter, kurs og oppdatering	10 000
	Data, rekneskapsprogram og liknande	10 000
	Reklame og annonser	10 000
	Annan kontorkostnad	5 000
	Porto	5 000
	Forsikring	6 000
	Leiarhonorar	10 000
	Kasserarhonorar	6 000
	Nestleiarhonorar	6 000
	Annan kostnad (utgiftsdekning leiar)	10 000
	Gåver som takk for innsatsen	30 000
	Idrettsstønad for unge utøvarar	25 000
	Diverse utgifter	75 000
	Sum kostnader	589 000
	Resultat	111 000



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Sak 7 – Utnemning av æresmedlemmer

Styret i Valle IL vedtok i styremøte 21. januar 2019, i sak 2/19, å føreslå nye æresmedlemmer i Valle IL. Ein er ikkje kjent med at Valle IL har æresmedlemmer før. Ein slik tittel skal henge høgt. Det er likevel tre personar styret meiner har gjort seg fortent til æresmedlemsskap.

Styret føreslår at Torleif B. Harstad, Gunnar Brottveit og Tarald Myrum får æresmedlemsskap i Valle Idrottslag.

Kort grunningjeving for framlegget:

Torleif B. Harstad

Torleif har vore medlem sidan 1960-61. Har i løpet av tida hatt fleire verv, ikkje minst leiar frå 1969 til 1981-82. Han var trenar for barn og unge frå 1969 til slutten av 1980-talet i både langrenn og fotball, samtidig som han var fotballdomar. Fotballdomar har han også vore for dei vaksne i seinare tid. Torleif var med å starte Sesilåmi i 1976 og var medlem av rennkomiteen over 20 år, og er framleis aktivt med i dugnadsgjengen ved start. Staveneslåmi (nå Støyledalslåmi) gjekk i starten frå Bjørnevatn til Stavenes i Bykle, og Torleif var med i oppstarten også på dette rennet. Torleif er ennå aktiv i Valle IL, som styremedlem frå 2015-2017 og som trenar for Karetrimmen kvar måndag – på 50. året!

Gunnar Brottveit

Gunnar har vore medlem sidan han kom heim igjen til Valle i 1968, og truleg har medlemsskapet vart lenger enn dette også. Han var leiar av sykkelgruppa i ca. 20 år, og vore leiar i idrettslaget i 10-12 år frå slutten av 1980-talet og fram til 2000. I denne perioden blei det bestemt at det skulle byggast ny idrettshall i Valle. Nokre år var Gunnar trenar for styrketrening. Gunnar har dei seinare åra igjen blitt ein del av styret frå 2016, denne gong som kasserar. Han har også overtatt ansvaret for matstasjonen på Honnevje under Color Line Setesdal Tour, og er aktivt med i dugnadsgjengen ved start på Sesilåmi.

Tarald Myrum

Tarald var aktiv i ungdomsåra på 60-talet, særleg innan langrenn og friidrett, og hevda han seg godt i kretsrenn. Interesse og aktiviteten heldt han fram med gjennom studietida, og då han i 1979 fekk jobb i Bygland og seinare overtok garden i Valle, gjekk han på ny inn i Valle IL. På 1980-talet var han nestleiar i idrettslaget, og på denne tida starta ein med gruppeorganisering, bygde lysløype i Leiteområdet og hadde fleire nye arrangement. Som ordførar i to periodar har han jobba aktivt for idretten i Valle, og rakk akkurat å vedta bygging av ny idrettshall i Valle før han gjekk av som ordførar i 1999. Tarald blei deretter leiar i byggekomiteen, og blei i 2000 også leiar i idrettslaget fram til 2011. Han var også leiar i 2003 då Hylestad IL og Valle IL blei slått saman til nåverande Valle IL. På starten

av 2000-talet kom Tarald inn i Sesilåmi, og var med på å omstrukturere rennet til å bli det det er i dag. Dei seinare åra har Tarald vore varamedlem til styret i Valle IL, og i 2018 blei han igjen valt inn i styret i Sesilåmi.

Valle 21.1.2019

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Sak 8 – val

- 1) Valnemnd i Valle IL legg fram framlegg til nytt styre i møtet
- 2) Valnemnd i Valle IL legg fram framlegg til revisor i møtet
- 3) Styret i Valle IL legg fram framlegg til ny valnemnd i møtet

Valle 4. mars 2019

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret